



## KONSERVATOR ANDERS NUMMEDAL

Minnetale i Norsk geologisk forening 23. mars 1944

AV

HALVOR ROSENDAHL

Konservator Nummedal døydde 7. mars 1944, 77 år gamal, etter å ha vore sjuk i nokon tid. Frua hans døydde nokre viker før, og det gjorde vel sitt til, at det tok fortare slutt med hans liv ogso. Han hadde vore medlem av Norsk geologisk forening frå 1912. Siste gong var han her i foreninga på møtet 17. april 1941, då han viste fram eit fund av dansk stein på Tjøme. So lenge han hadde helsa, var han ofte på møta i tida etter 1922, då han kom til Oslo. I denna tida har han halde 6 foredrag i Norsk geologisk forening:

<sup>5</sup>/<sub>4</sub> 1923. Om flintplassene

<sup>8</sup>/<sub>4</sub> 1926. Steinaldersfundene i Alta

<sup>9</sup>/<sub>2</sub> 1928. Beretning om en reise i Østfinnmark

<sup>26</sup>/<sub>9</sub> 1929. Et steinaldersfund i Ski

<sup>2</sup>/<sub>2</sub> 1933. Kwartærgeologiske spørsmål i Østfold og Møre

<sup>17</sup>/<sub>4</sub> 1941. Et fund av dansk stein på Tjøme

<sup>27</sup>/<sub>9</sub> 1931 leida han ein ekskursjon til steinaldersbuplassen på Sørli i Ski.

Anders Jonsen Nummedal er fødd 27. januar 1867 i Vik i Sogn. Etter gamal skikk kalla han seg med farsnamnet etter faren Jon Olsen Nummedal. Han kom inn på eit artiumkursus og vart student på Voss 1889. Seinare fekk han ymse skulearbeid i Oslo og arbeidde samtidig med studiet til embetseksamen, som han tok i 1900. Same år vart han adjunkt, seinare lektor, i Kristiansund, der han bleiv til 1922, då han vart knytt til Universitetets oldsaksamling i Oslo.

Medan han studerte i Oslo, var han mykje med på ekskursjonar og vart ein god kjennar av kvartærfossila. Mange er dei fund, stud. real. Nummedal gjorde, og som no ligg i samlinga på Geologisk museum. I Brøggers og Øyens avhandlingar frå den tida står Nummedals navn fleire stader nemnt. Alt no synte seg den eigne evna til å finna seg til rette i naturen, den som seinare skulde føra til so store resultat.

I Kristiansund tok han til med kvartærgeologisk gransking. Både skulebarna og andre tykte ofte, han var ein raring, som gjekk slik ute i all slags ver og grov.

På ein av desse turane sine fann han i slutten av oktober 1909 nokre flintstykke, som såg ut til å vera handsama av menneske. Han sende deim til oldsaksamlinga åt vitenskapselskapet i Trondheim og fekk svar frå styraren, K. Rygh, at det var oldsaker, og at det var von om å finna fleir på same staden. Han gjekk atter til finnestaden og fann på kort tid 50 flintstykke, som alle var meir eller minder arbeidt og emna til av menneske, skiveøksar, knivar, pilespissar og borar. Ogso desse flintstykkja vart sende til Rygh, og han kunde no slå fast, at Nummedal hadde funne ein verkstad eller kanskje ein bustad frå steinalderen. Fosna-kulturen var funnen.

I Oldsaksamlingas aukeliste for 1910 kom dei nye funda først på prent. Det var då innkome 8000 flintstykke frå ytre Nordmøre. Rygh gav deim ein serskilt omtale. Slike fund var kjende før men ikkje på lang leid med so stort materiale. Rygh sette namnet flintplassar på fundstadene.

I si første avhandling om flintplassane, *Oldtiden* 2, 1912, skreiv Rygh, at Nummedals oppdaging var ein av dei viktigaste hendingar i norsk arkæologi i dei seinare åra. Meir enn 100 flintplassar var då kjende. Sikkert var dei arbeidsplassar, nokre var sikkert ikkje buplassar, men andre kunde vel ogso ha vore buplassar. Skiveøksane av flint overtyda Rygh om, at dei var frå skjeldungetida i den eldre del av den neolithiske tida, endå andre reidskapar hadde eldre bragd.

Det har seinare vore ulike meiningar om flintplassane; men Rygh har visseleg på første hand i hovudsaka råka den rette alderstydinga. Truleg er vel det eldste av flintplasskulturen noko eldre og kan føraŕast attende inn i borealtida, Ancyclus-tida. Det hevda Nummedal ogso i 1912.

Det, dei kjende den gongen av norske steinaldersfund, vart sett i desse gruppene:

Yngre steinalder, som omfata dei vel kjende yngre typer i kronologisk system.

Arktisk steinalder, som ikkje var noko reint kronologisk omgrip systematisk likeverdig med yngre steinalder. Til arktisk steinalder var rekna ei rekke med steinalders fundstader langs kysten frå Trøndelagen til Aust-Finnmark, rester etter eit veidefolk utan høg reidskapskultur. Dei brukte mykje skifer; men ogso flint og annan stein vart nytta. Skjeldungen på Steinkjer var rekna med til arktisk steinalder og like eins nokre fundstader sørover vestlandskysten, soleis Vespestad på Bømlo og Holeheia på Jæren, som var den synste.

Viste-dungen på Jæren vart ikkje rekna til arktisk steinalder men til skjeldungekulturen, svarande til den danske Kjøkkenmøddingkultur.

Nøstveit-kulturen var ogso ein primitiv reidskapskultur, serleg utbreidd over søraustlandet men ogso vestover til Lista, ja kanskje nordover vestlandskysten, der det ikkje er lett å skilja han frå arktisk steinalder. Nøstveit-folka var ogso veidefolk, berre med dei mest livsturvande reidskapar av dei bergartar, dei lettast fann på staden. Den vanlege meining var, at dei var samtidig med skjeldungefolket, eldre enn arktisk steinalder.

I motsetnad til yngre steinalder og arktisk steinalder vart skjeldungekulturen og Nøstveit-kulturen kalla eldre steinalder, d.v.s. eldre nordisk steinalder. Men dermed var det ikkje sagt, at dei var palæolithiske i europeisk meining.

I eit storfelt vidsyn hadde Andr. M. Hansen tolka vår fornalders utvikling:

Den gamle veidekulturen, som i Danmark var bore oppe av Kjøkkenmøddingfolket, kom seinare til Noreg. Då var alt det neolithiske folket, som ein etter dei store steingravane ogso kallar megalithfolket, kome til Danmark med jordbruk og husdyr. Veidefolket hadde av husdyr berre hunden; det var kome frå aust eller

søraust. Megalithfolket kom sunnanfrå. Ein kan fylgja megalithkulturen attende til Midhavs-landa, der det i den tida var bronsealder, Egypt med steinpyramidane, og dei gamle kulturland i Asia, so ogso denne kulturstraumen stort set gjekk frå søraust til nordvest. Til Noreg kom megalithfolket først langt oppe i yngre steinalder, ja etter Hansens meining først i nordisk bronsealder i tida for vinnamna. Det er Andr. M. Hansens ariske landnåm; veidefolket var etter hans meining anarisk. Men veidekulturen var ikkje slutt for det, om det nye folket var kome. Veidekulturen heldt fram i Noreg, først i Nøstveit-kulturen og Viste-kulturen, seinare i den arktiske steinalder. Den eldre steinalders og den yngre steinalders folk er soleis ikkje skilde frå kvarandre i tid men berre i stad og levevis. Ein kan derfor av reidskapstypene ikkje slutta noko visst om tida. Dei har stende i samband med kvarandre, det ein kunde kalla kultursymbiose, på same vis som i våre dagar innlandseskimoar og sjøeskimoar, fjellfinnar og sjøfinnar. Det såg Andr. M. Hansen før nokon annan, og nyare granskingar i Danmark har vist, at han såg rett.

Men når han meinte, at det sørskandinaviske veidefolket var anarisk, har han urett. Maglemose- og Ertebølle-folket, Kjøkkenmøddingfolket, ser ut til å ha vore like ariske som megalithfolket. Truleg har han ogso urett i det, at det var den gamle veidekulturen, som gjennom Nøstveit- og Viste-kulturen heldt fram i den arktiske steinalder. Nummedal var og usamd med honom i det. Men hans hypotese var logisk oppbygd, for det arktiske steinaldersfolket var ogso anarisk, meinte han. At det i den arktiske steinalderskrinsen inngår anariske folk, er rett nok, og at det i Noreg har vore finnar, kan ein trygt gå ut fra. Om det lengre sør i det arktiske steinaldersområdet har vore andre, eventuelt ariske, folk, veit ein ikkje. Etter Hansen skulde det arktiske steinaldersfolket ikkje ha vore finnar i vår meining av ordet, men eit anna anarisk folk, som han kalla finnar eller skridfinnar; til deim rekna han ogso dei folka, dei i gamle dagar kalla kvænar og bjarmar. Dette gamle arktiske veidefolket er no mest oppblanda med den yngre ariske delen av det norske folket, men lever endå att i sjøfinnane. Fjellfinnane derimot skal ikkje vera ætta frå dei gamle hypotetiske skridfinnane, men er kome seinare. Kor mykje rett, det er i Hansens hypotese, er no ikkje godt å segja; for endå har me ikkje grunnlagsmateriale nok til å avgjera det. Til den arktiske kulturkrinsen i våre dagar, som

ein godt kunde kalla den resente arktiske steinalderen, høyrer dei kjende anariske folka rundt Nordishavet, finnar, samojedar, tungusar, tsjuksjar, eskimoar. Slik var det vel ogso i den gamle arktiske steinalderen. Då var ogso ein stor del av Skandinavia med i det sirkumpolære arktiske kulturområdet. Arktisk steinalder er derfor eit sers godt namn på denne kulturen, i fullt like stor mun no som i 1871, då Oluf Rygh innførde namnet.

Nummedals oppdaging viste, at det so langt nord som på Møre hadde vore folk i eldre nordisk steinalder, i mykje eldre tid enn ein før visste. Og det var ikkje småting, Nummedal grov fram, det var flintstykke i titusental. Alle stader, han grov, fann han flintplassar, frå Sotra til Nord-Trøndelag. Den store bruk av flint heng saman med, at det då endå var mykje flint å finna i det kvartære materialet. At flinten er funnen på staden og ikkje innført, er det ingen tvil om.

Nummedal har ogso granska hellerer og holer. Den første avhandlinga hans var om Dalehelleren og Valseshola ved Kristiansund. Det viser seg, at mesta alle hellerer og holer, som låg tilgjengeleg, har vore nytta. Veidefolk har hatt deim til millombils bustad i ymse tider, frå steinalder til jernalder og heilt opp i historisk tid. Det er ogso truleg, at fredlause har hatt tilhald der, og dei har vel ogso vore brukt til bergingsrom i ufredstider. Det er aldri funne bustader frå eldre steinalder i holer i Noreg. Nokon egte holekultur med holemenneske har me ikkje hjå oss. Den første større gransking av ein heller i Noreg vart gjord av H. Reusch i Sjonghelleren på Valderøy i Sunnmøre 1875.

Mest kjend er vel Nummedal for sine granskingar av steinalderen i Finnmark. Det var Institutet for samanliknande kulturforskning, som tok til med dette arbeidet i 1925, og Nummedal vart utsedd til å setja det i verk. Den første sumaren 1925 var han i Alta og kom her midt opp i ein gamal steinalderskultur, der det ogso hadde vore nytta norsk flint. 8. april 1926 heldt han foredrag i Norsk geologisk forening om steinaldersfunda i Alta, og den første prenta publikasjonen kom i Norsk geologisk tidsskrift 9, 1926. Han innførde her namnet Komsa-kulturen etter fjellnamnet Komsa i Alta, og samtidig sette han namnet Fosna-kulturen på flintplasskulturen på Møre. Han sette desse kulturane nært kvarandre. Dermed skulde alderstydinga for Fosna-kulturen, skjeldungetid og noko attende i borealtida, ogso gjelda for Komsa-kulturen. Etter alt, ein no veit, er det rett.

13 sumrar var han i Finnmark og grov fram ei mengd med steinalderssaker, frå Alta til Peisen. Materialet er flint og gode kvartsitar frå den eokambriske formasjon. Det er mest avfall og dårlege reidskapar, men det er gode skiveøksar i bland. Liksom ved flintplassane var slike fund kjende før, men ikkje på lang leid i so overhending stor mengd.

I 1929 fann han liknande ting i Austfold. Dei låg mykje høgare enn Nøstveit-funda, over 160 m o. h., millom Litorina- og Pholasnivået. Skulde dei i tid svara til høgda over havet, som Andr. M. Hansen meinte for Nøstveit-funda, måtte dei vera svært gamle, langt tilbake i den boreale tida, Ancyclus-tida. Dei øvste funda i Finnmark låg i tilsvarande høgde, og alt i 1912 hadde Nummedal hevda, at flintplassane var frå Ancyclus-tid.

Det spørsmålet melder seg no, om desse tri fundgruppene høyrer til same kulturområde. Finnmark har utan tvil høyrte til det arktiske område. Truleg må vel ogso Møre reknast til det arktiske område i den tida. Om Austfold ogso høyrde til det arktiske kulturområde, er eit ope spørsmål. Men slike systematiseringsspørsmål har ofte mindre realitet i livsrøynda enn i våre spekulasjonar.


I dei siste åra, Nummedal var i Finnmark, 1935—1937, arbeidde han mest med yngre steinalder inst i Varangen. I Karlebotn grov han i tuftene etter ein steinaldersby med 72 talde hus. Keramikken, dei fann der, hadde tydeleg samband med typer lengre aust. Likevel vilde han gjerne ha det til, at den yngre steinalderen i Finnmark stod i samband med yngre sørsandinavisk steinalder, megalithikum. Men det er visst ikkje rett. Den yngre steinalderskulturen i Finnmark er arktisk, sameleis som ogso Komsa-kulturen er. Frå dei eldste Komsa-fund til Karlebotn-byen er det gjenge tusener av år med både etniske og kulturelle omskifte, men alt innanfor den arktiske kulturkrinsen,

Eg har i dette oversynet over Nummedals arbeid nemnt Andr. M. Hansen. Når eg no til slutt vil segja nokre ord om Nummedals person, fell det ogso naturleg å samanstella desse tvo. Opphavleg var dei begge geologar, og først seinare kom dei inn i arkeologien. Med dei ulike naturane deira verka det ulikt på deim. Hansens skapande fantasi vart stimulert av å gå frå utsyn til utsyn, og han bygde med si sjølvmedvitande konstruktive evne opp meir, enn han strengt teke hadde grunnlagsmateriale til. Han hadde sin styrke ved skrivebordet. Nummedal var sterkast ute i naturen, og han hadde

materiale-tilfang til meir enn han bygde opp. I arkeologien kjende Nummedal seg autodidakt utanfor fagkrinsen, og det førde med seg ei overvurdering av det, som var innanfor, og ein tilsvarande skort på tiltru til eigen autoritet. Det kan forklåra den uvissa, han hadde i kritisk vurdering og tolking. Han bygde meir på andre autoritetar enn på si eiga dømekraft, og denne noko ukritiske ovtrua på autoriteten kunde føra honom på villstrå. Det var ei tid, då han vilde føra Fosna- og Komsa-kulturen attende til palæolithisk tid, Aurignacien, ja ogso Moustérien har vore nemnt. Grunnen til det var frå førsten ingen annan enn den, at han i bøker om palæolithiske kulturar i Millomeuropa fann bilete av steinreidskapar, som likna dei, han fann her heime. Seinare voks trua på det fast i honom til noko med hans eige livsinnhald, og han prøvde ogso å finna geologisk studnad for det. Soleis har han i avhandlinga om flintplassane i 1922 ei utgreiding om dei geologiske tilhøva i Sunndalen. Han meinte, at det fossilførande leiret på Hoås, der han ogso fann *Portlandia arctica*, var interglasialt, og at Hoås-terrassen, som ligg over det, var den ytste morenen frå siste istid. Utanfor Hoås hadde det soleis vore isfritt i siste istida, og det skulde gjeva auka vilkår for, at menneska hadde kunna bu der i seinglasial tid, ja kanskje i sjøve glasialtida og interglasialtida. Ja han var verkeleg inne på den tanken, at dei kjende fornaldersfunda i Noreg kunde skriva seg fra glasiale eller interglasiale menneske, og i dette fekk han til skade for seg sjølv studnad frå ymse leier her i landet. Men heilt viss på det kjende han seg ikkje; for ein slik hypotese, som stod i strid med den endeframme utsegna av funda ute i naturen, førde til sjølvmotsegjing og inkonsekvens. Dei instinkta, som ute i naturen førde honom på rett veg, var ikkje med honom innanfor arbeidsromets fire vegger.

Nummedal hadde dei eigenskapar, som karakteriserer det noble menneske, og som alltid har vore agta høgt i Noreg. Han var av reint norsk opphav og hadde mykje av nordmannens lite formelle evne og åtferd, og han vilde gjerne halda påstendig på si meining. Det kvite håret dekte ein hovudskalle av rein nordisk type, dei blå augo hadde ein vakker og usegjeleg venleg dâm. Men når nokon sa honom imot i slike ting, som for honom var viktige, då lyste dei av motstand, og han var ikkje av dei, som gav seg. Norsk kultur og norsk mål låg honom nært på hjarta, og det var hugnad for honom, at han i si verksemd med å læra oss vår fornaldar å kjenna, kunde vera med i dette kulturarbeid, som vår tid treng so hardt.

Til sine utgravingar brukte han ein murarskei av sterkt stål. I 1927 var den første reidskapen hans so langt nedsliten, at det berre var ein liten runding att av stålplata, og i treskaftet var det forer etter fingrane. Han var då alt på veg med å slita ned ein ny. Om eg ikke sjølv hadde set det, vilde eg ikkje ha trutt, at sovore var mogleg. Denne nedslitne spaden vil eg setja til symbol på den trottuge, trugne granskaren med den indre elden, ikkje ein logebrennande eld, men ein intens glod-eld, som endåtil ikkje stålet kunde stå imot, og som berre dauden kunde sløkkja.



## BIBLIOGRAFI

- Nummedal, A.: Dalehelleren og Valseshulen. To stenalders bopladser ved Kristiansund. — Norske vit.-selsk. skr. Trondheim 1910, no. 11, 26 p. (15 fig.).
- Geometriske flinter og andre småflinter fra Kristiansund og omegn. — Oldtiden 2, 1912, p. 11—13 (1 fig.).
  - Bjørneremfundet. Forhistoriske hulefund fra Mien i Romsdalen. — Norske vit.-selsk. skr. Trondheim 1912 nr. 12, 41 p. (23 fig.).
  - Et bosted fra den yngre steinalder i „Allanenget“ i Kristiansund. — Oldtiden 4, Særhefte til K. Rygh, 1914, p. 9—23 (13 fig.).
  - Arkæologiske undersøkelser på Sotra. Bergen mus. årb. 1917—18. Hist. ant. r. nr. 4, 25 p. (33 fig.).
  - Hellerne ved Laksevågen, Kristiansund. — Norske vit.-selsk. skr. Trondheim 1919 nr. 4, 11 p. (6 fig.).
  - Bopladsfund på Halmøy og Dønna. — Norske vit.-selsk. skr. Trondheim 1919 nr. 5, 26 p. (20 fig.).
  - Nogen primitive stenaldersformer i Norge. Oldtiden 9, 1920, p. 145—158 (19 fig.).
  - Slinningen — en stenalders boplass på Sunnmøre. — Bergens museums årb. 1920—21, hist. ant. r. nr. 4, 15 p. (13 fig.).
  - Om flintplassene. — Norsk geol. tidsskr. 7, 1922, p. 89—141 (27 fig.).
  - Den eldre steinalderen vår. — Syn og segn 28, 1922, p. 241—259 (17 fig.).
  - Nordmøre i steinalderen. — Årsskr. Nordmøre hist.lag 1922, p. 48—59 (8 fig.).



- Nummedal, A.: Kokstein. — Fra haug og museum 1924, p. 1—6.
- Stenalderfundene i Alta. — Norsk geol. tidsskr. 9, 1926, p. 43—47.
  - Stenalderfund i Finnmark. — Håløygminne 1927, p. 257—267 (8 fig.).
  - Jordfund og gravhauger i Kråkstad. — M. Østlid: Kråkstad. En bygdebok 1, Hamar 1929, p. 85—109 (21 fig.).
  - Fund fra den eldre steinalder. — M. Østlid: Kråkstad. En bygdebok 1, Hamar 1929, p. 485—495 (9 fig.). Trykt under titel: Et steinalderfund i Ski. — Norsk geol. tidsskr. 10, 1929, p. 474—481 (9 fig.).
  - Nogen steinredskaper fra Finnmark. — Univ. oldsaksaml. skr., Oslo, 2, 1929, p. 17—34 (24 fig.).
  - Stone age finds in Finnmark. — Inst. sam.-likn. kulturforsk. B 13, 1929, 100 p. (22 fig.), 52 t.
  - og Bjørn, Anathon: Boplassfund fra yngre steinalder i Aust-Agder. — Univ. oldsaksaml. årb. 3, 1929, p. 21—109 (61 fig.).
  - og Rosendahl, H.: Beretning om en reise i Østfinnmark. — Norsk geol. tidsskr. 10, 1929, p. 458—459.
  - Stenalderboplasser ved Kirkenes i Finnmark. — Norge. Tidsskr. om vårt land 6, 1930, p. 1—4 (3 fig.).
  - En labyrint i Østfinnmark. — Univ. oldsaksaml. årb. 5, 1931—1932, p. 113—114 (1 fig.).
  - Kan det finnes flintplasser på kyststrekningen mellom Kristiansand og Ålesund. — Naturen 57, 1933, p. 227—244 (6 fig.).
  - et Bøe, Johs.: Le Finmarkien. Les origines de la civilisation dans l'extrême-nord de l'Europe. — Inst. sam.-likn. kulturforsk., Oslo, B 32, 1936, 263 p. (46 fig.). 104 t.
  - Yngre steinalderfunn fra Nyelven og Karlebotn i Østfinnmark. — Univ. oldsaksaml. årb. 1935—1936, p. 69—129 (51 fig.). Tillegg av T. Dannevig Hauge, p. 129—131 (1 fig.).
  - Yngre steinalderfunn fra Nyelven og Karlebotn i Østfinnmark II. — Univ. oldsaksaml. årb. 1937, p. 1—26 (13 fig.), 2 t.
  - En steinalderboplass ved Molde. — Tidsskr. norr. arkeol., Oslo, 1, 1937, p. 29—52 (5 fig.), t. 5—8.
  - Beskrivelse og oppfatning av de inntil <sup>30/10</sup>1925 fundne flintredskaper på Gjermundnes. — H. Kaldhol: Når bygdes Norges Vestland, Molde 1937, p. 31—55.
  - Redskaper av horn og ben fra Finnmark. Foreløpig meddelelse. — Tidsskr. norr. arkeol., Oslo, 2, 1938, p. 145—150 (2 fig.), t. 33—37.
  - Et fund av dansk stein på Tjøme. — Norsk geol. tidsskr. 22, 1942, p. 203.

---

Trykt 17. februar 1945.